Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 35

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ølbrygging

Oppskr. av: Bernh. Skipevåg

(adresse): Rønnevik

Fylke: Rogaland

Herad: Forsand

Bygdelag: Vindostraumen

Gard: Rønnevik

G.nr. 99 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja. fødd 1888.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

2 Ølbrygginga var slutt her i bygda rundt hundradårskiftet, det vil seia 50 år sidan.
Og då ~~og~~ var det berre nokre få som kunne bryggja.
Men tidlegare, etter som eldre folk har fortalt var ølbryggjinga vanleg på kvar gard.
Dei bryggja til jol og slåtten og so alltid til bryllaup og gravferd og kanskje til andre møtter og.

3 Grunnane for at dei slutta kunne vel vera fleire.
Religiöse forestillingar, at det var synd å bryggja og drikka öl.
Uttil kom at pottöl frå byane kom då i handelen og vart selt hjå handelsmennene.
Avhaldsorganisasjonen truleg og ikkje hadde noko å seia i den tid.
Det er i seinare år dei er komne til.
Som nemnaste eg nå veit

om, som driv med ølbryggjing
serskilt i indre Ryfylke er:
Knut E. Tjørtheim Suldal.
Han bryggja kvart år og kan
kunsten. Send spyrjeskjema
til han, so får de vita alle
finesser med bryggjing her
frå Ryfylke. Det er den gamle
framgangsmåten han brukar.
Noko heimabryggjing av nyare
data er her ikkje
Det er Tau bryggeri Stavanger
som no skaffar folk det
øl dei treng.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7392